

IVAR EIMHJELLEN OG SVEINUNG ARNESEN

Organisasjonsengasjement blant innvandrere

Rapport

Ivar Eimhjellen og Sveinung Arnesen

Organisasjonsengasjement blant
innvandrere

Rapport

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor

Bergen/Oslo 2018

© Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor 2018
Rapport 2018:3

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor
c/o Institutt for samfunnsforskning
Munthes gate 31
Postboks 3233 Elisenberg
0208 Oslo
www.sivilsamfunn.no

ISBN (print): 978-82-7763-602-3
ISBN (online): 978-82-7763-603-0

ISSN (print): 1891-2168
ISSN (online): 1891-2176

Rapporten er finansiert av Kulturdepartementet gjennom prosjektet «Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor». Senteret er eit samarbeidsprosjekt mellom Uni Research Rokkansenteret og Institutt for samfunnsforskning.

Innhald

Innleiing.....	5
Innvandrarar og deltaking i frivilliglivet	6
Datagrunnlag og metode	7
Frivillige blant innvandrarar og i befolkninga	13
Frivillig arbeid generelt.....	13
Frivillige per organisasjonskategori	14
Frivillig arbeid for fleire typar organisasjonar	16
Timar med frivillig arbeid	16
Oppsummering	17
Frivillig engasjement og landbakgrunn	19
Frivillig arbeid generelt fordelt på landbakgrunn.....	19
Timar med frivillig arbeid fordelte på landbakgrunn	20
Frivillige per organisasjonskategori fordelte på landbakgrunn	21
Oppsummering	26
Kjenneteikn ved dei frivillige	27
Samla analyse – bakgrunnskjenneteikn og frivillig arbeid	30
Oppsummering	33
Oppsummering og konklusjon.....	35
Implikasjonar av funn	37
Appendiks	41
Litteratur	53
Samandrag/Abstract	55

Innleiing

Deltaking i sivilsamfunn og frivilligliv er sentralt for den sosiale og politiske integreringa generelt og for innvandrarakar spesielt. I denne rapporten skal vi ved bruk av data frå Statistisk sentralbyrå (SSB) undersøke korleis innvandrarakar deltar i det norske frivilliglivet. Innvandrarakar definerer vi her som personar som er f dte i utlandet og har to utanlandsf dte foreldre og fire utanlandsf dte besteforeldre.

Vi har mange innvandrarakar fr  europeiske land som Sverige, Danmark og Tyskland, og fr  andre vestlege land, men det f rer gjerne med seg st rre utfordringar   integrere innvandrarakar fr  andre verdsregionar, med andre kulturar og levesett (Brochmann 2010, NOU 2017). Tidlegare studiar tyder p  at fleire av desse innvandrargruppene ogs  er mindre representerte og aktive i det norske frivilliglivet enn majoritetsbefolkninga (Eimhjellen og Segard 2010, Enjolras og Wolleb k 2010, Eimhjellen 2016).

Det er likevel behov for   forbetre og oppdatere kunnskapen om korleis innvandrarakar deltar og blir integrerte gjennom frivilliglivet i Noreg. I denne rapporten skal vi fokusere p  nokre av dei st rste innvandrargruppene i Noreg med bakgrunn fr  land i Afrika, Asia og det tidlegare Aust-Europa.

  gjennomf re generaliserbare statistiske unders kingar blant innvandrarakar p  dette feltet har synt seg   vere krevjande (Eimhjellen 2016). Eit hovudproblem er gjerne at ein f r ein l g svarprosent og skeive utval fordi det er fleire som svarer i nokre grupper (gjerne dei som er best integrerte og engasjerte) enn i andre. Det er derfor ofte vanskeleg   gjere detaljerte analysar av sivilsamfunnsdeltaking med utgangspunkt i for eksempel landbakgrunn. I denne rapporten og med SSB-dataa har vi anledning til   gjere nokre slike meir detaljerte analysar.

Statistisk sentralbyr  er ein institusjon som har dei ressursane som skal til for   oppn  gode datagrunnlag gjennom sp rjeunders kingar, ogs  blant innvandrarakar. SSB har for eksempel ressursar nok til   gjennomf re intervju ansikt til ansikt med respondentar, i tillegg til telefonintervju, og gjerne ogs  p  fleire ulike spr k. I denne rapporten skal vi derfor ta i bruk levek rsdata SSB har om innvandrarakar, og samanlikne dei med levek rsdata om befolkninga elles. I denne rapporten skal vi derfor ta i bruk data fr  to unders kingar som SSB har

gjennomfrt: ei levekrsundersking blant innvandrарar og ei levekrsundersking blant befolkninga elles. Dette gjev oss mgelegheit til å underske korleis innvandrарar og ulike innvandrарgrupper deltar i frivilliglivet, og til å samanlikne dei med befolkninga elles. Vi kan ogs underske variasjonar i kjenneteikn som butid, sprkkompetanse, rsak til innvandring og arbeidsmarknadstilknytning. I tillegg kan vi ogs underske kva ulike bakgrunnsvariablar som kjnn, alder, utdanning og inntekt har å seie.

Innvandrарar og deltaking i frivilliglivet

Iflgje SSB (2018) var det ved inngangen til 2018 746 661 innvandrарar i Noreg. Innvandrарar utgjer med dette 14,1 prosent av folkemengda i Noreg. Polakkar er den desidert strste gruppa med 98 212 innvandrарar, og p andre plass kjem Litauen med 38 371 innvandrарar. Svenske innvandrарar er den tredje strste gruppa med 35 8133. P fjerde plass kjem Somalia med 28 754 innvandrарar.¹ Dei to strste gruppene (fr Polen og Litauen) har kome som del av ei relativt ny blgje, den hittil strste innvandringsblgja til Noreg nokosinne, som starta ved utvidinga av EU i 2004. Bde polakkar, litauarar og svenskar har fyrst og fremst kome til Noreg for å finne arbeid. Nr det gjeld innvandrарar fr Somalia, s er bakgrunnen for innvandringa gjerne ein annan. Her er det ofte snakk om flukt p grunn av krig, vald, konflikt eller forflging, og ikkje minst familiegenforeining.

Som for nordmenn generelt er det mange kjenneteikn som spelar inn p kor mykje og korleis innvandrарar engasjerer seg i sivilsamfunnet og i frivillige organisasjonar, som for eksempel alder, kjnn og utdanning. I tillegg er det nokre kjenneteikn som i srskild grad gjeld innvandrарar, mellom anna butid i Noreg, sprkkompetanse og rsak til innvandring. I denne rapporten skal vi underske variasjon i frivillig engasjement med utgangspunkt i slike kjenneteikn.

I tidlegare statistiske studiar av frivillig engasjement blant innvandrарar i Noreg har det mest vore mgeleg å underske innvandrardeltaking med utgangspunkt i kva region og verdsdel innvandrарane har bakgrunn fr. Frivillig innsatsunderskinga fr 2009 synte for eksempel at personar med bakgrunn fr Asia og Afrika (bde innvandrарar og barn av innvandrарar) var mindre representerte i det norske frivilliglivet enn nordmenn generelt (Eimhjellen og Segaaard 2010, Wollebk og Sivesind 2010).² Dette knytte forskarane mellom anna til at denne gruppa generelt har ein lgare sosiokonomisk status enn befolkninga generelt, og at personar med lg sosiokonomisk status i mindre grad deltar i frivilliglivet (Wollebk og Sivesind 2010). Forskjellane mellom

1. Sj appendikstabell 2 for ei liste over dei tretti landa som sender flest innvandrарar til Noreg.
2. Med eit atterhald om at utvalet i Frivillig innsatsunderskinga fr 2009 var yngre og hgare utdanna enn innvandrарbefolkninga generelt i Noreg. Ikkje representativt for innvandrарbefolkninga som heilskap.

personar med innvandrarakgrunn og nordmenn generelt var større for medlemskap i frivillige organisasjonar (43 mot 70 prosent) enn for frivillig arbeid (36 mot 49 prosent) (Eimhjellen og Seggaard 2010). Det var også færre blant dei med innvandrarakgrunn som hadde formelle verv i organisasjonane. Til saman indikerer dette at personar med innvandrarakgrunn deltar mindre i frivilliglivet jo meir formell deltakingsforma er. Dette er også støtta av organisasjonsundersøkingar (Christensen, Strømsnes og Wollebæk 2011).

2009-undersøkinga synte også at personar med innvandrarakgrunn var best representerte som frivillige og som medlemmer innanfor religions- og livssynsorganisasjonar. Dei deltok også mykje i idrettsorganisasjonar, men på grunn av den store deltakinga generelt i idretten hadde personar med innvandrarakgrunn ein mykje mindre prosentdel enn befolkninga elles. Dette samsvarer også med andre studiar og ser ut til å vere eit stabilt trekk ved innvandrardeltakinga i norsk frivilligliv (Enjolras og Wollebæk 2010, Blom 1998, Blom og Henriksen 2008). I tillegg synte 2009-undersøkinga at sentrale barrierar for meir frivillig deltaking mellom anna var krevjande arbeids-situasjon, manglande interesse, helseproblem, og mangel på nettverk og kunnskap om korleis ein skulle kome seg inn i frivillig arbeid. Språkbarrierar har også synt seg å vere sentrale hindringar for meir deltaking i frivillige organisasjonar (Enjolras og Wollebæk 2010).

Vidare i denne rapporten ynskjer vi å oppdatere kunnskapen om korleis og kor mykje innvandrarak i Noreg engasjerer seg i frivillige lag og organisasjonar samanlikna med befolkninga elles. Vi vil også samanlikne engasjementet ulike innvandrargrupper imellom. Vidare vil vi undersøke kjenneteikn ved dei frivillige blant innvandrarakane og samanhengar mellom ulike bakgrunnskjenntekn og sannsynet for å engasjere seg i frivillig arbeid. Før vi tar til på analysane, skal vi gjere greie for datagrunnlaget og metodane som vi har brukt.

Datagrunnlag og metode

I denne rapporten tar vi i bruk to datakjelder frå SSB. Den fyrste, *Levekårsundersøkelsen blant innvandrere 2016* (LKI-2016), er ei undersøking som fokuserer på levekår blant innvandrarak frå 12 av dei 24 landa som flest innvandrarak i Noreg kjem frå. Denne undersøkinga er gjennomført tre gonger tidlegare, i 1983, 1996 og 2005/2006, men det var fyrst i 2016 at ho inkluderte eit sett med spørsmål omkring frivillig organisasjonsengasjement.

For å få eit gyldig samanlikningsgrunnlag drar vi også nytte av den generelle *Levekårsundersøkelsen EU-SILC 2014* (LKU-2014) for befolkninga som heilskap. Denne undersøkinga blir gjennomført kvart år med ein kjernedel med

faste spørsmål kvar gong og ein temadel som blir gjentatt kvart tredje år.³ I 2014 var temaet friluftsliv, organisasjonsaktivitet, politisk deltaking og sosiale nettverk, og fleire spørsmåla om engasjement i frivillige organisasjonar var dei same som vart stilte i LKI-2016.⁴

Utval og datagrunnlag

I LKI-2016 var målgruppa innvandrere i alderen 16–74 år som hadde vore busette i Noreg med minst to års butid på trekketidspunktet (1.10.2015), og som hadde eitt av desse tolv landa som eige fødeland: Polen, Somalia, Irak, Eritrea, Pakistan, Iran, Afghanistan, Vietnam, Bosnia-Hercegovina, Tyrkia, Kosovo og Sri Lanka. Bakgrunnen for at ein valde nettopp desse landa, er at Noreg har mange innvandrere frå fleire av dei, både frå nyare tid og frå tidlegare, og dessutan at ein forventar auka innvandring frå nokre av dei. Alle desse landa er også blant dei 24 landa som flest innvandrere kjem til Noreg frå (sjå appendikstabell 2). Resultata av analysane i denne rapporten representerer altså innvandrere frå desse 12 landa, og ikkje innvandrerbefolkninga som heilskap. Vi meiner likevel at analysane gjev eit godt bilete av det frivillige engasjementet blant ein stor del av innvandrerbefolkninga i Noreg og på eit tryggare datagrunnlag enn før.

På trekketidspunktet var det til saman 214 000 innvandrere i alderen 16–74 år med bakgrunn frå dei tolv utvalde landa og med ei butid i Noreg på minst to år. Dei utgjorde 32 prosent av alle innvandrane i Noreg. Frå dei tolv landa vart det trekt eit representativt utval på 8156 innvandrere.⁵ Intervjua vart gjorde per telefon eller ansikt til ansikt. For å auke deltakinga frå innvandrere med kort butid og dei som ikkje er i arbeid, gav forskarane respondentane moglegheit til å bli intervjuet på eige morsmål. Til saman 4435 personar vart intervjuet, noko som utgjør ein svarprosent på 53,3. Det er eit svært godt resultat samanlikna med mange andre undersøkingar blant innvandrere (Eimhjellen 2016).⁶

-
3. Data frå "Levekårsundersøkelsen EU-SILC, 2014" i anonymisert form er stilte til disposisjon av Statistisk sentralbyrå gjennom Norsk senter for forskningsdata (NSD). Verken Statistisk sentralbyrå eller NSD er ansvarlege for analysen av data, eller dei tolkingane som vi har gjort her.
 4. Denne undersøkinga er også gjennomført i 2017, men fordi spørsmålsstillinga vart endra i den siste runden, tar vi i bruk data frå 2014, der spørsmålsstillinga er den same som i LKI-2016. I Levekårsundersøkingane er det også inkludert personar med innvandrerbakgrunn som del av det tilfeldige utvalet. Desse utgjør relativt få personar frå dei relevante landa og blir tatt vekk frå analysane.
 5. Det var også inkludert eit ekstrapul av barn av innvandrere (1049 stk.) frå fire land. Desse er tatt ut av analysane.
 6. Sjå elles Holmøy og Stabell Wiggen (2017) for utfyllande informasjon om gjennomføringa av denne undersøkinga: https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/_attachment/309526?_ts=15c361c0140

Det er intervjuet omtrent like mange personar frå dei tolv landa sjølv om det ikkje er ei like fordeling av innvandrarar frå desse landa i Noreg. Det er for eksempel fleire innvandrarar frå Polen enn frå Sri Lanka (Vrålstad og Wiggen 2016). Derfor tar vi i bruk vektorer for dei delane dei tolv landa har i innvandrarbefolkninga, slik at svar frå innvandrarar frå store innvandringsland får større verknad på totalen. I denne vektora blir også utvals skeivskap knytt til kjønn, alder, utdanning, landsdel og landbakgrunn justert etter fordeling i befolkninga.

Vi kan igjen presisere at når vi i denne rapporten nyttar omgrepet *innvandrar*, så meiner vi personar som sjølv har innvandra, og ikkje barn av innvandrarar. Vi definerer innvandrarar som personar som er fødte i utlandet og har to utanlandsfødte foreldre og fire utanlandsfødte besteforeldre. Befolkninga elles definerer vi her som personar som har to norskfødte foreldre, norskfødte personar med ein eller to innvandrarforeldre og utanlandsfødte personar med ein eller to norskfødte foreldre.

Som datagrunnlag for befolkninga elles tar vi i bruk LKU-2014, som hadde med fleire av dei same spørsmåla som LKI-2016.⁷ I LKU-2014 trekte forskarane eit landsrepresentativ utval frå folkeregisteret på 13 763 personar i alderen 16 år og oppover. Nettoutvalet som dei gjennomførte intervju med, vart 7373 personar, noko som utgjer ein svarprosent på 54,6. Datasettet inkluderte også innvandrarar (527 stk.), men i denne rapporten har vi tatt desse vekk frå analysane, slik at LKU-2014 representerer befolkninga i Noreg ekskludert innvandrarar.⁸ Dette datagrunnlaget representerer dermed befolkninga elles, som innvandrarane kan samanliknast med. Også her tar vi i bruk vektorer for å justere skeivfordeling i utvalet når det gjeld kjønn, alder, utdanning og registrert familiestorleik.

7. Sjå elles Sandvik og Killengren Revold (2015) for utfyllande informasjon om gjennomføringa av denne undersøkinga: https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/_attachment/221524?_ts=1598c81dcb0

8. Vi kunne ha inkludert innvandrarar frå dette datasettet i analysane, men det var såpass få med dei same landbakgrunnane som i LKI-2016 at det ikkje gav oss noko særleg sterkare datagrunnlag for analysane.

Tabell 1: Tal på respondenter i utvalgte etter kjønn og alder.

		LKI-2016	LKU-2014
Kjønn	Menn	2429	3557
	Kvinner	2006	3289
Alder	16 – 24	584	1001
	25 – 44	2335	1838
	45 – 66	1431	2707
	67 – 79	85	1023
	80+	0	277
Total		4435	6864

Spørsmålsformulering

I undersøkingane var spørsmålet om engasjement i frivillige organisasjonar formulert slik:

Har du i løpet av de siste 12 måneder utført noe gratisarbeid for en organisasjon, klubb eller forening? Regn også med organisasjoner som du ikke er medlem av.

Denne spørsmålsstillinga skil seg noko frå korleis frivilligforskarar, inkludert Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor, gjerne formulerer spørsmål om frivillig engasjement i spørjeundersøkingar. Ein vesensforskjell er bruken av omgrepet «gratisarbeid» heller enn omgrepet «frivillig arbeid».⁹ Ved hjelp av eit survey-eksperiment har ei gruppe forskarar undersøkt ulike formuleringar av spørsmål om frivillig engasjement (Folkestad, Christensen, Strømsnes og Selle 2015). I dette eksperimentet fann dei at ulike formuleringar og omgrep ikkje hadde nokon stor verknad på korleis respondentane svarte, så lenge ein hadde med eit omgrep for «frivillig organisasjon» i spørsmålet. Det er likevel usikkert om dette også gjeld omgrepet «gratisarbeid» utan at ordet «frivillig» er med. Formuleringa i SSB-undersøkingane kan derfor ha innverknad på kor mange som svarer at dei har gjort ein innsats, i desse undersøkingane samanlikna med andre undersøkingar av frivillig arbeid.

Ein annan og kanskje meir avgjerande forskjell mellom SSB-undersøkingane og Frivillig innsats-undersøkingane som er gjennomførte av Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor, er at SSB tar i bruk eit filterspørsmål for frivillig arbeid. Det vil seie at ein fyrst stiller eit generelt

9. Innspel frå forskarar ved Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor er også bakgrunnen for at SSB endra spørsmålsstillinga i 2017.

spørsmål om frivillig arbeid, før ein går over til meir detaljerte spørsmål om frivillig arbeid for spesifikke organisasjonskategoriar. Her møter vi utfordringa med såkalla *recall*- versus *recognition*-spørsmål (Cnaan, Jones, Dickin og Salomon 2011), der det truleg er enklare å hugse om ein har gjort frivillig arbeid det siste året dersom ein blir spurd om ein har gjort det for spesifikke organisasjonskategoriar. Dette kan potensielt vere ei ekstra utfordring for innvandrarakar, som – avhengig av butid – kanskje ikkje har dei same referansane til kva denne typen arbeid er, og kva frivillige organisasjonar er, som befolkninga elles. Bruk av filterspørsmål er truleg grunnen til at Frivillig innsatsundersøkingane jamt over viser eit høgare nivå av frivillig arbeid blant nordmenn (Folkestad et al. 2014) enn levekårsundersøkingane til SSB gjer (Eimhjellen 2016). Vi skal derfor vere forsiktige med å legge vekt på nivåforskjellar i frivillig arbeid mellom dei ulike datakjeldene og heller fokusere på variasjonar i frivillig engasjement mellom ulike grupper i SSB-dataa.

Etter det fyrste spørsmålet om frivillig arbeid fekk så dei som svarte ja, eit spørsmål om kva slags organisasjon, klubb eller forening dei utførte frivillig arbeid for (fleire svar var moglege). Dette var organisasjonskategoriane:

1. Politisk parti / partipolitisk ungdomslag
2. Idrettslag, idrettsforening eller idrettsklubb
3. Friluftsgesamtasjon (turlag, jeger- og fiskeforening eller lignende)
4. Organisasjon for kulturaktiviteter (kor, korps, teater, kunstforening eller lignende)
5. Pasientorganisasjon, pårørendeforening eller annen organisasjon som arbeider med helsespørsmål
6. Ideell organisasjon som arbeider med menneskerettigheter, humanitære spørsmål eller annen form for hjelp til andre (Røde Kors, sanitetslag, Amnesty International etc)*
7. Miljø- eller dyrevernorganisasjon (Naturvernforbundet, Dyrebeskyttelsen etc)*
8. Religiøs organisasjon eller forening
9. Ikke-religiøs livssynsforening
10. Innvandrerorganisasjon*
11. Andre organisasjonar

Ein forskjell mellom LKI-2016 og LKU-2014 er at i LKU-2014 var miljø- og dyrevernorganisasjonar skilde ut som ein eigen kategori, mens dei var inkluderte under ideelle organisasjonar i LKI-2016. I analysane slår vi derfor saman miljø- og dyrevernorganisasjonar med ideelle organisasjonar. I LKI-2016 vart respondentane dessutan spurde om engasjement i innvandrerorganisasjonar, men dette spurde ein ikkje om i LKU-2014. Vi lar denne kategorien stå for seg sjølv.

Organisasjonskategoriane i SSB-undersøkingane skil seg også noko frå korleis ein har kategorisert frivillige organisasjonar i Frivillig innsatsundersøkingane, som følgjer den internasjonale standarden for klassifisering av frivillige organisasjonar – ICNPO. I denne rapporten må vi ta utgangspunkt i organisasjonsklassifiseringa til SSB, men vi vil tilpasse ho til ICNPO-standardten ved slå saman kategoriar der det er formålstenleg.

I SSB-undersøkingane vart respondentane også spurde om kor mange timar dei hadde brukt på frivillig arbeid dei siste 12 månadene. Dette skal vi også undersøke, der vi skal sjå på fordelinga på gjennomsnittleg timetal med frivillig arbeid.

Som vi har gjort greie for over, er ikkje desse SSB-dataa direkte samanliknbare med Frivillig innsatsundersøkingane, spesielt når det er snakk om nivået av frivillig engasjement. Kvaliteten på dataa og utvala veg likevel opp for dette ved at vi kan samanlikne innvandrарar med befolkninga elles og ulike grupper av innvandrарar med kvarandre på likt formulerte spørsmål om frivillig engasjement. Vi reknar derfor dette datagrunnlaget frå SSB som eit godt utgangspunkt for å kunne seie noko om korleis og kor mykje store grupper av innvandrарar i Noreg engasjerer seg i det frivillige organisasjonslivet.

Frivillige blant innvandrara og i befolkninga


No skal vi samanlikne fordelinga av frivillige blant personar som har innvandra til Noreg (12 land), og frivillige i befolkninga elles, slik dei er representerte i SSB-dataa.¹⁰ Som forklart i innleiingskapittelet vil sjølve nivået – prosentdelen som er engasjert i frivillig arbeid – av ulike metodiske årsaker truleg vere ein del lågare i SSB-dataa enn det andre undersøkingar av frivillig innsats viser. Vi skal heller ikkje fokusere for mykje på sjølve nivået, men meir på dei potensielle forskjellane mellom frivillig engasjement i innvandarutvalet og i befolkningsutvalet på likt formulerte spørsmål.

Frivillig arbeid generelt

Vi startar med det fyrste spørsmålet om gratisarbeid for ein klubb, ein organisasjon eller ei foreining siste året. Med utgangspunkt i tidlegare kunnskap på feltet er det ikkje så overraskande at vi finn ein god del færre blant innvandrara enn i befolkningsutvalet som har engasjert seg som frivillige siste året. Som figur 1 under viser, ser vi at det er 22 prosentpoeng færre i innvandarutvalet (17 prosent) enn i befolkningsutvalet (39 prosent) som har svart at dei har utført gratisarbeid (sjå talgrunnlaget i appendikstabell 3).

10. Her har vi inkludert personar som har to norskfødde foreldre, norskfødde personar med ein eller to innvandarforeldre og utanlandsfødde personar med ein eller to norskfødde foreldre.

Figur 1: Vekta prosentdel frivillige i innvandrarrutvalet og i befolkningsutvalet.



Frivillige per organisasjonskategori

Vidare vart dei som svarte ja på spørsmålet om gratisarbeid, spurde om kva organisasjon dei engasjerte seg i. Basert på tidlegare forskingsfunn er det som forventa at idrettsorganisasjonar er mest populære, både blant dei frivillige innvandarane (30 prosent) og i befolkningsutvalet (43 prosent). Samtidig er det også her vi finn den største differansen mellom innvandarane og befolkningsutvalet. Det er 13 prosentpoeng færre blant innvandarane enn i befolkninga elles som engasjerer seg for idrettsorganisasjonar. Det er generelt ein svært høg prosentdel av befolkninga i Noreg som engasjerer seg som frivillige i idretten, og sjølv om frivillig arbeid i idretten er mest populært også blant innvandarane, så utgjør dei ikkje ein like stor del av dei frivillige som i befolkninga elles.


Den nest største organisasjonskategorien for dei frivillige i innvandrarrutvalet er dei ideelle og humanitære organisasjonane, menneskeretts- og miljøorganisasjonane. Her er det 24 prosent av dei frivillige i innvandrarrutvalet som engasjerer seg. I denne organisasjonskategorien finn vi også den største differansen til befolkningsutvalet i favør av innvandarane. Her er det 10 prosentpoeng fleire av dei frivillige blant innvandarane (24 prosent) som engasjerer seg, enn blant dei frivillige i befolkningsutvalet (14 prosent).

I kulturorganisasjonar er det nesten like store prosentdelar blant dei frivillige i begge gruppene, med så vidt fleire blant dei frivillige innvandarane (17 prosent) enn i befolkningsutvalet (15 prosent).

Som forventa er det også fleire av dei frivillige blant innvandarane (16 prosent) som engasjerer seg i religiøse organisasjonar, enn det er i befolkningsutvalet (11 prosent).

Den femte mest populære organisasjonstypen blant dei frivillige innvandrane er kategorien andre organisasjonar. 14 prosent av dei frivillige svarer at dei engasjerer seg i andre organisasjonar enn dei som vart nemnde i spørjeundersøkinga, mens heile 21 prosent av dei frivillige i befolkningsutvalet svarer det same. Dette kan tyde på at det er ein del organisasjonstypar som ikkje er dekte inn av dei organisasjonskategoriane som er med i levekårsundersøkingane, og i særskild grad for ikkje-innvandrarar.

Figur 2: Fordeling av frivillige i innvandrartutvalet og befolkningsutvalet på ulike organisasjonskategoriar. Fleire svaralternativ moglege. Vekta prosent.




Når det gjeld engasjement i innvandrarorganisasjonar, vart berre frivillige i LKI-2016 spurde om dette. Her var det 8 prosent av dei frivillige som svarte ja.

I dei neste organisasjonskategoriane begynner prosentdelane av dei frivillige å bli ganske små, og differansane mellom innvandrarar og befolkningsutvalet like eins. Datagrunnlaget og fordelingane på desse organisasjonskategoriane blir derfor noko usikre, slik at ein skal vere noko forsiktig med å legge vekt desse variasjonane. I politiske organisasjonar er det 5 prosent blant dei frivillige i innvandrartutvalet og 3 prosent blant dei frivillige i befolkningsutvalet. I friluftorganisasjonar er det 3 prosent blant dei frivillige i innvandrartutvalet og 6 prosent blant dei frivillige i befolkningsutvalet. I pasient- og pårørandeorganisasjonar er det 2 prosent av dei frivillige blant innvandrarane og 4 prosent blant dei frivillige i befolkningsutvalet. Til sist er det 2 prosent av dei frivillige blant innvandrarane som engasjerer seg for ikkje-religiøse livssynsforeiningar, og berre 0,2 prosent blant dei frivillige i befolkningsutvalet som gjer det same (sjå talgrunnlaget i appendikstabell 4).

Frivillig arbeid for fleire typar organisasjonar

På spørsmålet om engasjement i ulike typar organisasjonar kunne respondentane krysse av for fleire organisasjonstypar. Her er det mogeleg å undersøke kor mange ulike organisasjonstypar dei frivillige engasjerer seg i. Det aller vanlegaste i begge utvala er å engasjere seg i éin organisasjonstype, men vi ser at dei frivillige i innvandrارutvalet har ein tendens til å engasjere seg i litt fleire ulike organisasjonstypar enn dei frivillige i befolkningsutvalet. Det er likevel relativt små skilnader mellom gruppene (sjå talgrunlaget i appendikstabell 5).

Figur 3: Fordeling av frivillige i innvandrارutvalet og befolkningsutvalet etter kor mange ulike organisasjonstypar ein engasjerer seg for. Vekta prosent.




Timar med frivillig arbeid

I begge undersøkingane vart dei frivillige også bedde om å opplyse om kor mange timar gratisarbeid dei hadde lagt ned i løpet av den siste veka, den siste månaden eller det siste året.¹¹ Vi har her rekna alt om til timar per måned. Frå

11. Denne analysen viser gjennomsnittleg timetal for dei som har svart meir enn 0 timar og under 60 timar frivillig arbeid på éin måned. Dette samsvarer med det som er gjort i tidlegare arbeid med Frivillig innsats-undersøkingar (Folkestad et al. 2014) og det fleirnasjonale Johns Hopkins Comparative Nonprofit Sector Project frå 1997, som mellom anna var utgangspunkt for Frivillig innsats-undersøkingane. Denne avgrensinga inneber at dei som har svart over 60 timar, blir koda om til å ha svart 60 timar. Dette er gjort for å avgrense innverknaden ekstreme verdiar har på gjennomsnittet.

figuren under ser vi at dei frivillige i innvandrartutvalet (8,2 timar) i snitt arbeider 1,8 timar meir som frivillige i månaden enn dei frivillige i befolkningsutvalet (6,4 timar). Vi ser altså her at sjølv om det er færre i innvandrartutvalet enn i befolkningsutvalet som gjer frivillig arbeid, så legg dei som er frivillige blant innvandrane, ned meir tid per måned enn dei frivillige i befolkningsutvalet (sjå talgrunnlaget i appendikstabell 3).

Figur 4: Vekta gjennomsnittleg timetal med gratisarbeid siste månaden i innvandrartutvalet og befolkningsutvalet.



Oppsummering

SSB-dataa viser at det er 22 prosentpoeng færre i innvandrartutvalet (17 prosent) enn i befolkningsutvalet (39 prosent) som har utført frivillig arbeid siste året. Blant dei som er frivillige, er frivillig engasjement for idretten det mest populære, både blant innvandrane (30 prosent) og i befolkningsutvalet (43 prosent). I innvandrartutvalet er frivillig arbeid for ideelle og humanitære organisasjonar, menneskeretts- og miljøorganisasjonar nest mest populært, og det er også mange fleire blant dei frivillige i innvandrartutvalet enn i befolkningsutvalet som er frivillige for slike organisasjonar. I tillegg er det mange av dei frivillige i innvandrartutvalet som er frivillige innan kulturorganisasjonar og i religiøse organisasjonar. Vi ser også at dei frivillige i innvandrartutvalet har ein tendens til å engasjere seg i fleire ulike organisasjonstypar og med fleire timar innsats enn dei frivillige i befolkningsutvalet.


Frivillig engasjement og landbakgrunn

Til no har vi sett på variasjonar mellom frivillige i innvandrartvalet og befolkningsutvalet i Noreg. Vidare skal vi ved hjelp av LKI-2016 sjå nærare på variasjon i frivillig engasjement knytt til landbakgrunn, noko som tidlegare har vore vanskeleg på grunn av avgrensingar i datagrunnlag. Som nemnt ovanfor er det her snakk om innvandrarak frå 12 av dei 24 landa som flest innvandrarak kjem til Noreg frå: Polen, Somalia, Irak, Eritrea, Pakistan, Iran, Afghanistan, Vietnam, Bosnia-Hercegovina, Tyrkia, Kosovo og Sri Lanka.

Frivillig arbeid generelt fordelt på landbakgrunn

Når det gjeld generelt frivillig arbeid fordelt etter landbakgrunn, ser vi fyrst at delen frivillige har ei variasjonsbreidde på 16 prosentpoeng. Sri Lanka har den høgaste delen frivillige med 26 prosent. I tillegg har også Tyrkia (23 prosent), Bosnia-Hercegovina (20 prosent) og Somalia (20 prosent) relativt mange frivillige. Med tett under 20 prosent frivillige finn vi Pakistan (19 prosent), Vietnam (18 prosent) og Iran (18 prosent), etterfølgde av Afghanistan (17 prosent), Irak (16 prosent), Kosovo (15 prosent) og Eritrea (14 prosent). Landet med færrest frivillige innvandrarak i Noreg er Polen (10 prosent).


Figur 5: Prosentdel frivillige per landbakgrunn i innvandrartutvalet. Vekta prosent.



Timar med frivillig arbeid fordelt på landbakgrunn

Vidare ser vi også at talet på timar med frivillig arbeid per måned varierer ein del mellom dei ulike landa i innvandrartutvalet. Pakistanske frivillige i utvalet oppgjev at dei i gjennomsnitt gjer 14,3 timar frivillig arbeid i månaden, mens dei relativt få frivillige frå Polen også gjer færrest timar frivillig arbeid per måned (5 timar). Dette er ein differanse på 9,3 timar. Elles gjer også frivillige med bakgrunn frå Somalia (11,1 timar), Iran (10,3 timar), Sri Lanka (9,6) og Irak (8,8 timar) fleire timar frivillig arbeid enn gjennomsnittet i utvalet, mens frivillige frå Vietnam (7,4 timar), Afghanistan (7,4 timar), Kosovo (6,7 timar), Tyrkia (5,9 timar), Eritrea (5,9 timar) og Bosnia-Hercegovina (5,3 timar) svarer at dei utfører færre timar frivillig arbeid enn det som er gjennomsnittet for innvandrartutvalet samla.

Figur 6: Vekta gjennomsnitt timar gratisarbeid siste månad i innvandrartutvalet fordelt på landbakgrunn.



Frivillige per organisasjonskategori fordelt på landbakgrunn

For å undersøke korleis dei frivillige fordeler seg på ulike organisasjonskategoriar, er vi nøydde til å slå saman organisasjonskategoriar fordi det blir for få respondentar i kvar gruppe til at vi kan seie noko generelt ut frå tala. Vi har derfor slått saman ein del av organisasjonstypane som SSB opererer med. Dette kan også til ei viss grad gjere organisasjonskategoriane meir samanliknbare med kategoriane i den internasjonale ICNPO-standard for kategorisering av organisasjonar. Etter modell av tidlegare arbeid med tilpassingar og samanslåingar av ulike organisasjonskategoriar (Folkestad, Fladmoe, Sivesind og Eimhjellen 2017) har vi her slått saman idretts-, kultur- og friluftsgeselskap til kategorien *kultur- og fritidsorganisasjonar*. I denne kategorien har vi også inkludert innvandrarsorganisasjonar. Vi har vidare slått saman organisasjonstypane ideelle organisasjonar, pasientorganisasjonar og

politiske organisasjonar til kategorien *velferdsorganisasjonar og samfunnsretta organisasjonar*¹², og vi har slått saman religiøse organisasjonar og ikkje-religiøse livssynsforeiningar til *religions- og livssynsorganisasjonar*. Kategorien *andre organisasjonar* har vi latt stå slik han var definert i SSB-dataa.¹³ Sjølv etter denne samanslåinga må vi vere noko varsame med å legge for mykje vekt på prosentstorleiken i dei minste organisasjonskategoriane, som er baserte på relativt få respondentar når vi deler opp etter landbakgrunn.


Kultur- og fritidsorganisasjonar

Som forventa er kultur- og fritidsfeltet det dominerande frivilligfeltet for dei fleste landbakgrunnar, slik det også er for befolkninga elles. Frivillige frå Sri Lanka har den største konsentrasjonen i kultur- og fritidskategorien med 69 prosent av dei frivillige, noko som også er ein mykje større prosentdel enn i befolkninga elles. Av dei som ligg over snittet for innvandarutvalet totalt i denne kategorien, finn vi også dei med bakgrunn frå Bosnia-Hercegovina (63 prosent), Kosovo (59 prosent), Polen (58 prosent), Iran (56 prosent), Somalia (56 prosent) og Afghanistan (54 prosent). Færrest kultur- og fritidsfrivillige finn vi blant dei frå Eritrea (37 prosent), Vietnam (37 prosent), Pakistan (38 prosent), Irak (47 prosent) og Tyrkia (48 prosent).

12. I Folkestad, Fladmoe, Sivesind og Eimhjellen (2017) var «velferd» og «samfunnsretta» to separate kategoriar, men det var vanskelegare å skilje desse frå kvarandre i SSB-dataa.

13. Sjå appendikstabell 9 for ei samanlikning av innvandarutvalet og befolkningsutvalet i fordelinga av frivillige etter denne organisasjonskategoriseringa.


Figur 7: Frivillige for kultur- og fritidsorganisasjonar fordelte på landbakgrunn. Vekta prosent av frivillige.



Velferdsorganisasjonar og samfunnsretta organisasjonar

I velferdsorganisasjonar og samfunnsretta organisasjonar er prosentdelane ein del lågare enn dei er innanfor kultur og fritid, og fordelinga etter landbakgrunn har endra seg. Her er det dei frivillige frå Iran (47 prosent) som er flest, etterfølgde av Somalia (42 prosent), Eritrea (42 prosent), Afghanistan (39 prosent), Irak (37 prosent) og Pakistan (35 prosent). Ein del færre finn vi blant dei frivillige frå Kosovo (25 prosent), Vietnam (25 prosent), Tyrkia (23 prosent), Bosnia-Hercegovina (20 prosent), Polen (20 prosent) og Sri Lanka (15 prosent). Sri Lanka har altså mange frivillige innan kultur og fritid, men færrest innan velferdsorganisasjonane og dei samfunnsretta organisasjonane. Eit liknande mønster finn vi også i fordelinga av frivillige med bakgrunn frå Polen, Bosnia-Hercegovina og Kosovo.


Figur 8: Frivillige i velferdsorganisasjonar og samfunnsretta organisasjonar fordelte på landbakgrunn. Vekta prosent av frivillige.



Religion- og livssynsorganisasjonar

Frivillig engasjement for religions- og livssynsorganisasjonar er endå litt mindre populært generelt, og her ser vi også nokre tydelege skilje mellom ulike grupper av landbakgrunnar. Her ser vi at særleg Pakistan (38 prosent), Tyrkia (37 prosent) og Vietnam (34 prosent) har mange frivillige, mens dei fleste andre landbakgrunnane har ein god del færre religions- og livssynsfrivillige. Denne typen frivillig engasjement er minst populær blant dei frivillige med bakgrunn frå Iran (8 prosent), Afghanistan (8 prosent) og Bosnia-Hercegovina (8 prosent).


Figur 9: Frivillige i religions- og livssynsorganisasjonar fordelte på landbakgrunn. Vekta prosent av frivillige.



Andre organisasjonar

Til slutt tar vi også med fordelinga av frivillige per landbakgrunn for kategorien *andre organisasjonar*. Denne kategorien ser ut til å vere spesielt populær blant frivillige frå Polen (25 prosent), men også blant dei frå Bosnia-Hercegovina (20 prosent) og Afghanistan (18 prosent). Dette tyder på at spesielt dei frivillige frå Polen engasjerer seg i organisasjonstypar som ikkje er definerte i spørjeskjemaet.

Figur 10: Frivillige i andre organisasjoner fordelt på landbakgrunn. Vekta prosent av frivillige.



Oppsummering


Som vi har sett, har innvandrere fra Sri Lanka (26 prosent) og Tyrkia (23 prosent) flest frivillige, mens innvandrere fra Eritrea (14 prosent) og Polen (10 prosent) har færrest. Når det gjelder hvor mange timer folk bruker på frivillig innsats i måneden, så er det frivillige med bakgrunn fra Pakistan som gjør mest (14,6 timer i snitt), mens de frivillige fra Polen gjør færrest timer frivillig arbeid (5,2 timer). Om vi ser på fordelinga av frivillige på ulike organisasjonskategorier, er de frivillige fra Sri Lanka, Bosnia-Hercegovina, Kosovo og Polen i stor grad konsentrerte i kultur- og fritidsorganisasjoner, mens frivillige fra Somalia, Iran og Eritrea er godt representerte i velferdsorganisasjoner og samfunnsrettede organisasjoner. De frivillige med bakgrunn fra Tyrkia, Pakistan og Vietnam er relativt godt representerte i religions- og livssynsorganisasjoner.

Kjenneteikn ved dei frivillige

No skal vi sjå på kjenneteikn ved dei frivillige i innvandrartvalet. Her har vi analysert fordelinga av frivillige på fleire ulike kjenneteikn. Fyrst ser vi på fordelinga på kjenneteikna kjønn, alder, utdanning, inntekt, egne barn, eigenrapportert helsetilstand og om ein er sysselsett i arbeid eller ikkje. Deretter ser vi på meir innvandringsspesifikke kjenneteikn som norskferdigheit, årsak til innvandring og butid i Noreg.

Som vi ser i figuren under, er kjønnsfordelinga nokså lik, med berre eitt prosentpoeng fleire blant menn (16 prosent) enn blant kvinner (15 prosent) som seier dei gjer frivillig arbeid. Når det gjeld aldersfordelinga, ser vi at det er blant dei yngste at vi finn flest frivillige (24 prosent), mens prosentdelen frivillige minkar med aukande alder. For utdanning ser vi ei klassisk fordeling, der det er fleire frivillige blant dei med lengst utdanning (25 prosent) og færrest blant dei utan utdanning utover grunnskulen (14 prosent). Når det gjeld inntekt, er det dei med høgast inntekt som har flest frivillige (24 prosent), mens det er færrest frivillige i den midtre inntektskategorien (13 prosent). Det å ha barn ser også ut til å auke prosentdelen frivillige, der dei med tre eller fleire barn har ein prosentdel frivillige på 20, mens dei utan barn har ein prosentdel på 13. Også helsa spelar inn på om folk er frivillige eller ikkje. Det er 18 prosent blant dei med svært god eller god helse som seier dei gjer frivillig arbeid, mens berre 9 prosent av dei med dårleg eller svært dårleg helse seier det same. Når det gjeld sysselsetting i arbeid, er det fleire blant dei som er sysselsette (17 prosent), enn blant dei som ikkje er sysselsette (13 prosent), som seier dei gjer frivillig arbeid.


Figur 11: Vekta prosentfordeling av frivillige på ulike bakgrunnskjenneikn.



Vidare skal vi sjå på nokre kjenneteikn som er meir spesifikke for innvandrere, og som vi kan forvente vil skape visse variasjonar i deltakinga i frivillig

arbeid. I figuren under ser vi at butida i Noreg spelar inn; det er fleire frivillige jo lenger innvandarane har budd i Noreg. Av dei som har budd her i 16 år eller meir, er det 21 prosent som seier dei har gjort frivillig arbeid, mens 11 prosent av dei som har budd her i 2-6 år, seier det same. Når det gjeld bakgrunnen for innvandringa til Noreg, er det like mange av dei som er komne som flyktningar og gjennom familiegjennforeining eller ekteskap som seier dei gjer frivillig arbeid (18 prosent), mens det er færre blant dei som har kome til Noreg for å arbeide eller studere (10 prosent). Det kjenneteiknet som skaper den største differansen i prosentdelen frivillige, er likevel språkferdigheit. Det er 22 prosent frivillige blant dei som seier dei er svært gode eller gode i norsk språk, mens dette berre gjeld 5 prosent av dei som meiner dei er dårlege eller svært dårlege i norsk.

Figur 12: Vekta prosentfordeling av frivillige på innvandringsspesifikke kjenneteikn.



Samla analyse – bakgrunnskjenneitekn og frivillig arbeid

For å sjå om variasjonen som dei ulike personkjenneiteikna skaper kvar for seg, står seg når vi samtidig kontrollerer for variasjonen som dei andre kjenneiteikna skaper, har vi gjennomført ein multippel regresjonsanalyse (logistisk). Her ser vi på sannsynet for å ha utført frivillig arbeid i innvandrartvalet basert på både dei generelle bakgrunnskjenneiteikna, dei meir innvandringsspesifikke kjenneiteikna og dei ulike landbakgrunnane.

Denne samla regresjonsanalysen (sjå appendikstabell 12) viser oss fyrst og fremst at det er *kjønn, alder, utdanning og meistring av norsk språk* som skaper variasjon i sannsynet for å gjere frivillig arbeid blant innvandrane.


I figur 14 har vi illustrert verknaden av desse variablane i analysen i fire separate marginsplot. Desse illustrerer den effekten endringar i verdiar på bakgrunnsvariablane har på sannsynet for å gjere frivillig arbeid.

Sjølv om vi tidlegare såg at forskjellen mellom kvinner og menn i innvandrartvalet ikkje var særleg stor når det gjeld deltaking i frivillig arbeid, så er likevel verknaden av kjønn signifikant. Menn har større sannsyn for å gjere frivillig arbeid enn kvinner. Når det gjeld alder, så stadfester også regresjonsanalysen at det er større sannsyn for å gjere frivillig arbeid jo yngre ein er. Med aukande alder minkar sannsynet for å vere frivillig. Også utdanning skaper signifikant variasjon i sannsynet for frivillig arbeid; høgare utdanning aukar sannsynet for dette. Til sist har språkferdigheit den mest tydelege signifikante effekten, der dårlegare ferdigheit i norsk reduserer sannsynet for å gjere frivillig arbeid.


Når det gjeld landbakgrunn, er det berre tre av landbakgrunnane som har signifikante effektar. Her har somalisk og srilankisk bakgrunn ein så vidt signifikant men positiv effekt, mens polsk landbakgrunn har ein så vidt signifikant, men negativ effekt. Også kor mange barn ein har, og kor lenge ein har budd i Noreg, har ein svak og så vidt signifikant positiv effekt på sannsynet for å gjere frivillig arbeid.

Inntekt, sysselsetting, eiga helsevurdering og innvandringsgrunn skaper ikkje signifikant variasjon i sannsynet for å gjere frivillig arbeid. Kor mykje ein tener, om ein er i arbeid eller ikkje, kor god helse ein opplever å ha, og grunnen til at ein kom til Noreg, ser ikkje ut til påverke om ein gjer frivillig arbeid eller ikkje.


Figur 13: Marginsplot basert på multippel logistisk regresjon. Predikerte sannsyn for frivillig arbeid etter kjønn, alder og utdanning og språkferdigheiter.
Kjønn



Alder



Figur 14 (held fram): Marginsplot basert på multipl logistisk regresjon. Predikerte sannsyn for frivillig arbeid etter kjønn, alder, utdanning og språkferdigheiter.



Oppsummering

Når det gjeld kjenneteikn ved dei frivillige i innvandrartvalet, har vi her sett at det er så vidt fleire menn enn kvinner, fleire yngre enn eldre og fleire blant dei med høgare utdanning og inntekt som seier dei gjer ein frivillig innsats. Det er også fleire blant dei som er sysselsette, dei med barn og dei med god helse som seier dei er frivillige.

Det er likevel ikkje alle desse kjenneteikna som sjølve skaper signifikant variasjon i sannsynet for å gjere frivillig arbeid. Det er altså nokre kjenneteikn som ikkje har ein sjølvstendig verknad på det å gjere frivillig arbeid, men som heller er tett knytte til andre kjenneteikn som har ein slik verknad. I ein samla analyse av verknaden av alle desse bakgrunnskjenneteikna saman med landbakgrunn finn vi at det hovudsakleg er kjønn, alder, utdanning og ferdigheit i norsk språk som verkar inn på sannsynet for å gjere frivillig arbeid blant innvandarane. Det å vere kvinne, vere eldre, ha lågare utdanning og ikkje minst det å meiste norsk dårleg har signifikant negativ effekt på sannsynet for å gjere frivillig arbeid.

Oppsummering og konklusjon

Med utgangspunkt i eit behov for å oppdatere og utvikle kunnskap om korleis og kor mykje innvandrarar i Noreg deltar i frivillig arbeid, har vi i denne rapporten tatt i bruk SSB si levekårsundersøking blant innvandrarar frå 2016 (LKI-2016). Denne undersøkinga er basert på eit representativt utval av innvandrarar frå 12 av dei 24 landa som flest innvandrar til Noreg frå: Polen, Somalia, Irak, Eritrea, Pakistan, Iran, Afghanistan, Vietnam, Bosnia-Hercegovina, Tyrkia, Kosovo og Sri Lanka. Vi samaliknar også LKI-2016 med den generelle levekårsundersøkinga blant den norske befolkninga frå 2014 (LKU-2014).

I dei to undersøkingane vart frivillig engasjement målt ved spørsmål om gratisarbeid for ein organisasjon, ein klubb eller ei foreining dei siste 12 månadene, kva type organisasjon ein arbeidde for, og kor mange timar ein brukte på slikt arbeid. Spørsmålsstillingane skil seg ein del frå korleis frivilligforskarar vanlegvis måler frivillig innsats gjennom spørjeundersøkingar, noko som fører til at sjølve nivåa av generelt frivillig arbeid som blir rapporterte i rapporten, ikkje er direkte samanliknbare med for eksempel Frivillig innsats-undersøkingane til Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor. Det er likevel svært nyttig å få samanlikna dette innvandarutvalet med eit befolkningsutval på likt formulerte spørsmål om frivillig innsats. Ikkje minst er det nyttig at vi kan gjere meir detaljerte analysar av variasjon knytt til landbakgrunn og frivillig engasjement og sjå på samanhengar mellom generelle bakgrunnskjenneitekn, innvandringsspesifikke kjenneteikn og sannsynet for å engasjere seg som frivillig.

Analysane i denne rapporten stadfester fleire funn frå tidlegare studiar på dette feltet, men er også med på å utvikle kunnskap om kva landbakgrunn og personkjenneteikn har å seie for frivillig engasjement.

Til liks med tidlegare studiar viser også denne studien ei lågare grad av frivillig innsats blant innvandrarar enn i befolkninga elles. Under halvparten så mange i innvandarutvalet som i befolkningsutvalet seier dei gjer frivillig arbeid. Sjølv om spørsmålsstillinga er annleis enn i Frivillig innsatsundersøkingane, vil differansen mellom innvandarutvalet og befolkningsutvalet i SSB-dataa truleg vere eit noko betre estimat for nivået av frivillig

innsats i populasjonen av innvandrere i Noreg med bakgrunn frå dei 12 landa som undersøkinga omfattar.

Blant dei som er frivillige i SSB-dataa, er engasjement i idretten mest populært blant innvandrane. Dette liknar funn frå undersøkinga i 2016 (Eimhjellen 2016), men skil seg frå Frivillig innsats-undersøkinga i 2009, der frivillig engasjement i religionsorganisasjonar var mest populært blant innvandrarbefolkninga (Eimhjellen og Seggaard 2010). Til liks med det som gjeld befolkninga generelt i Noreg, ser det altså ut til at det er idretten som trekker til seg flest frivillige også blant innvandrere.

Også ideelle og humanitære organisasjonar, menneskeretts- og miljøorganisasjonar ser ut til å vere svært populære blant frivillige innvandrere, og i mykje større grad enn i befolkninga elles. Dette liknar også funn frå 2016.

Frivillig innsats innan kulturorganisasjonar er også litt meir populært blant innvandrane enn i befolkninga elles, noko som rangeringsmessig er likt som i 2016-rapporten (Eimhjellen, 2016) men som er annleis enn i 2009-studien når det gjeld differansen til befolkninga (Eimhjellen og Seggaard 2010). SSB-dataa tyder her på at kulturorganisasjonar er den tredje mest populære organisasjonstypen å gjere frivillig arbeid for blant innvandrere, og kanskje også litt meir populær enn i befolkninga elles. At religions- og livssynsorganisasjonar er meir populære blant innvandrere enn i befolkninga elles, er også eit tydeleg trekk i SSB-dataa. Samtidig ligg denne organisasjonstypen her som nummer fire og ikkje som nummer ein i popularitet, slik han gjorde i 2009-undersøkinga (Eimhjellen og Seggaard 2010).

Eit interessant funn i SSB-dataa er at dei frivillige blant innvandrane ser ut til å engasjere seg i fleire ulike organisasjonstypar og med fleire timar innsats enn dei frivillige i befolkninga elles, noko som skil seg frå tidlegare funn omkring bruk av tid på frivillig arbeid blant innvandrere (Wollebæk og Sivesind 2010). Ifølgje SSB-dataa er det altså mange færre i dei store innvandrargruppene i Noreg som gjer frivillig arbeid, men dei som engasjerer seg blant innvandrane, legg ned fleire timar enn dei frivillige i befolkninga elles.

Vidare i rapporten har vi samanlikna ulike landbakgrunnar i tilknytning til frivillig engasjement. Dette finst det avgrensa kunnskap om frå tidlegare studiar på feltet. Her finn vi at innvandrere frå Sri Lanka og Tyrkia skil seg ut med flest frivillige, mens innvandrere frå Eritrea og Polen har færrest. Når det gjeld tidsbruk, er det ein del variasjon basert på landbakgrunn, der frivillige med bakgrunn frå Pakistan gjer flest timar arbeid, mens dei frivillige frå Polen gjer færrest timar frivillig arbeid. I analysar av engasjement per organisasjonskategori og landbakgrunn finn vi mellom anna at frivillige frå Sri Lanka, Bosnia-Hercegovina, Kosovo og Polen i stor grad er samla i kultur- og fritidsorganisasjonar, mens frivillige frå Somalia, Iran og Eritrea er samla i velferdsorganisasjonar og samfunnsretta organisasjonar. Dei frivillige med

bakgrunn frå Tyrkia, Pakistan og Vietnam er framstående som frivillige i religions- og livssynsorganisasjonar.

Til slutt i rapporten har vi sett på kjenneteikn ved dei frivillige i innvandrartutvalet og på samanhengar mellom slike kjenneteikn og sannsynet for å gjere frivillig arbeid. I deskriptive analysar av kjenneteikn ved dei frivillige finn vi at det er så vidt fleire menn enn kvinner, fleire yngre enn eldre og fleire blant dei med høgare utdanning og inntekt som seier dei gjer ein frivillig innsats. Det er også fleire blant dei som er sysselsette, dei med barn og dei med god helse som seier dei er frivillige.

Når vi går frå deskriptiv statistikk til ein samla analyse av alle desse bakgrunnsvariablane saman med landbakgrunn, finn vi likevel at fleire av desse kjenneteikna ikkje har ein sjølvstendig effekt på sannsynet for å gjere frivillig arbeid. Det som i størst grad forklarar frivillig innsats i desse analysane, er kjønn, alder, utdanning og ferdigheit i norsk språk. Det å vere kvinne, vere eldre, ha lågare utdanning og ikkje minst det å meistre norsk dårleg har signifikant negativ effekt på sannsynet for å gjere frivillig arbeid.

Kjønnsforskjellane i frivillig arbeid har vore antyda i forskning før, ikkje berre blant innvandrarakar, men også i befolkninga meir generelt (Folkestad et al. 2014), i alle fall inntil nyleg (Fladmoe, Sivesind og Arnesen, 2018).

Når det gjeld aldersaffektar, ser funna i SSB-dataa ut til å skilje seg frå tidlegare studiar ettersom yngre alder heller ser ut til å ha ein positiv innverknad på frivillig innsats. Dette mønsteret skil seg også frå det vi vanlegvis ser for generelt frivillig arbeid i befolkninga, der nivået gjerne stig fram til rundt femtiårsalderen, for så å gå ned igjen (Folkestad et al. 2015, 2017).

Effekten av utdanning er meir som forventa basert på eksisterande studiar, nemleg at meir utdanning aukar sannsynet for at ein deltar i frivillig arbeid.

Til slutt har vi også sett at språk og språkmeistring er ein sentral faktor når ein skal forklare frivillig engasjement og ikkje-engasjement hos innvandrarakar, noko også tidlegare forskning antyder (Enjolras og Wollebæk 2010). Jo betre innvandrarakar meistarar det norske språket, jo meir sannsynleg er det at dei deltar som frivillige.

Implikasjonar av funn

At innvandrarakar med bakgrunn frå land i Afrika, Asia og det tidlegare Aust-Europa generelt er mindre engasjerte i frivillig arbeid enn befolkninga elles i Noreg er, er eit teikn på at frivilliglivet i Noreg endå har ein veg å gå når det gjeld å inkludere innvandrarakar.

Ein tendens vi ser, er mellom anna at i grupper som har budd lenge i Noreg (sidan 1970/80-åra), for eksempel innvandrarakar frå Sri Lanka, Tyrkia, Pakistan og Vietnam, så er det mange som er aktive som frivillige. Innvandrarakar frå Sri Lanka og Vietnam blir også gjerne trekte fram som blant dei aller best integrerte

meir generelt i samfunnet, i alle fall når det gjeld statsborgarskap, sysselsettingsgrad og utdanning. Samtidig har vi gruppa av innvandrere frå Bosnia-Hercegovina, som kom noko seinare (i 1990-åra), men som også blir trekte fram som godt integrerte i samfunnet og flinke i norsk, og som også har ein relativt stor del frivillige, slik analysane i denne rapporten har vist.

Grupper med kortare butid i Noreg, som innvandrere frå Irak, Eritrea og Somalia, blir derimot gjerne trekte fram som grupper med større integreringsutfordringar. Likevel, som vi ser av denne rapporten, har Somalia ein relativt stor prosentdel frivillige, som også er svært aktive. Sjølv om innvandrere frå Somalia har store utfordringar når det gjeld deltaking i betalt arbeid, så ser dei altså ut til å vere relativt godt representerte i frivillig arbeid. Personar frå Eritrea og Irak, derimot, har ei låg deltakingsgrad, som gjerne er knytt til butid. For grupper som dette vil det vere viktig at styresmakter og aktørar i det frivillige har eit ekstra auge på dei i arbeidet med å inkludere innvandrere i frivilliglivet i Noreg.

Ei anna gruppe med kort butid er også dei som er komne frå Polen. Dette er også er den største innvandrergruppa i Noreg. Denne gruppa skil seg også ut i denne rapportoen med den lågaste prosentdelen frivillige. At polakkar er mindre engasjerte som frivillige i organisasjonar, kan ha fleire årsaker. Det kan delvis henge saman med den relativt korte butida, at dei kjem for å arbeide og er mest opptatt av betalt arbeid, at dei har kortare tidshorisontar for planlagt opphald i Noreg, og at dei har relativt kort veg heim og orienterer seg sosialt mot heimlandet heller enn Noreg. Om mange av desse ikkje ser behov for å lære norsk språk, verken av sosiale grunnar eller til jobb – sidan polakkar gjerne er mykje saman med andre polakkar, både på arbeid og på fritida – så er det heller ikkje så lett å bli involvert i norsk frivilligliv. I tillegg kan haldningane til og kulturen rundt omgrepet og fenomenet frivillig innsats blant polakkar vere ganske annleis enn blant nordmenn elles, ettersom frivillig arbeid under kommunistperioden i Polen var meir ein tvungen og obligatorisk aktivitet (Guribye, Pustulka og Ślusarczyk 2016). Når vi no etter kvart ser at polske innvandrere i større grad etablerer seg for godt i Noreg, også med familie og barn, vil sosial integrering av denne gruppa gjennom frivillige organisasjonar berre bli viktigare, og noko som styresmakter og frivillige aktørar bør vere ekstra merksame på.

Eit anna interessant mønster blant innvandrarane som vi har sett i denne rapporten, er at det er fleire blant dei yngre enn dei eldre som er frivillige, og at jo eldre dei blir, jo mindre sannsynleg er det at dei deltar i frivilliglivet. Dette skil seg frå mønsteret i befolkninga elles når det gjeld frivillig arbeid. Det kan vere at dei yngre i større grad enn dei eldre blant innvandrarane blir rekrutterte inn i frivillig arbeid, og at dei ser nytten og verdien av slikt engasjement til for eksempel å få erfaring og kompetanse som kan brukast på andre område og i arbeidslivet seinare.

Vi har også sett at frivillig innsats varierer med utdanningsnivå og følgjer det klassiske mønsteret med meir frivillig engasjement etter høgare utdanningsnivå. Personar med eit høgare utdanningsnivå kan både vere meir attraktive og lettare å rekruttere til frivillig arbeid ettersom ein i frivillige organisasjonar gjerne har behov for nokre typar kompetansar som følgjer med utdanning. Sidan mange innvandrargrupper har eit lågare utdanningsnivå enn befolkninga generelt i Noreg, er det truleg også mindre sjanse for at dei blir spurde om å bidra. Dette er ei utfordring i arbeidet med den framtidige inkluderinga av fleire innvandrarak i frivilliglivet i Noreg.

Til sist har vi også sett at det å meistre norsk språk har den tydelegaste samanhengen med sannsynet for å gjere frivillig arbeid blant innvandrarakane. Sjølv om denne analysen ikkje seier noko om retninga på denne samanhengen – om det er frivillig arbeid som fører til større språkmeistring, eller om større språkmeistring fører til meir frivillig arbeid, så kan ein argumentere for at retninga kan gå begge vegar. Det er nok enklare å kome seg inn i eller bli rekruttert til frivillig arbeid om ein kan det norske språket, og det er også truleg enklare å utføre det frivillige arbeidet då. Samtidig vil ein gjennom frivillig arbeid også få språktrening og få praktisert og forbetra norskkompetansen sin. På denne måten vil deltaking i frivillig arbeid også kunne påverke språkmeistringa. Sjølv om vi ikkje kan avgjere retninga på samanhengen her, er det altså godt mogeleg at dei to fenomenak påverkar kvarandre. Ein implikasjon av dette er at ein burde vareta og utvikle ei god og generell språkopplæring for innvandrarak i Noreg, noko som igjen kan auke sjansen for frivillig arbeid, samtidig som ein legg til rette for språkpraktisering gjennom frivillig arbeid. Det igjen kan betre den generelle intergreringa i det norske samfunnet.

Appendiks

Appendikstabell 1: Organisasjonskategoriar og samanslåingar

	ICNPO-kategoriar	SSB-kategoriar	Tilpassing av SSB- og ICNPO-kategoriar i denne rapporten
Kultur og fritid	Kunst og kultur, korps og kor musikk, teater og dans, kunst, brukskunst og arkitektur, historie, litteratur og språk, museer, samlinger og biblioteker, tidsskrifter og medier, andre kulturelle og kunstneriske aktiviteter	Organisasjoner for kulturaktiviteter (kor, korps, teater, kunstforening eller lignende)	Kultur og fritid
	Idrett og sport alle typer idrett, sport og trim, skytterlag, bedriftsidrett og idrett for funksjonshemmede	Idrettslag, idrettsforening eller idrettsklubb	
	Hobby, fritid, utendørsaktivitet og sosiale foreninger, som som f.eks. studentsamfunn, pensjonistlag, Rotary eller Lions, friluftsliv og speideren, motor- og båtforening, dyreeierklubber, pensjonistlag, studentsamfunn (elev- og studentorganisasjoner plasseres i [frivarb[14]], sosiale klubber (Rotary, Lions etc.) andre hobby- og fritidsaktiviteter	Friluftsgeselskap (turlag, jeger- og fiskeforening eller lignende)	
		Innvandrersamfunn	
Velferd	Utdanning, opplæring og forskning barne- og ungdomsskoler (inkl. FAU i offentlige skoler, men dugnader bare i private skoler), videregående skoler, folkehøgskoler, universitet og høyskoler, yrkesrettet/teknisk, utdanning, voksenopplæring og videreutdanning, forskning og utvikling	(Ikkje målt)	Velferd og samfunnsretta
	Helse, pleie og redningsarbeid sykehus, rehabilitering, sykehjem, omsorgsbolig og hjemmetjeneste, psykiatriske institusjoner, polikliniske helsetjenester, alternativ medisin, redningsarbeid og ambulansetjenester	Pasientorganisasjon, pårørendeorganisasjon eller annen organisasjon som arbeider med helsespørsmål	

	Sosiale tjenester og rusmiddelomsorg barnehager, Røde Kors, Blå kors, Norsk Folkehjelp, familierådgivning, krisesentre og -telefoner, tjenester for funksjonshemmede, tjenester for eldre, selvhjelp og frivillighetssentraler, materiell hjelp til trengende		
Samfunnsretta	Natur-, miljø- og dyrever natur- og miljøvern, områdevern og områdeforvaltning, dyrever, veterinærtjenester	Ideell organisasjon som arbeider med miljø, menneskerettigheter, humanitære spørsmål eller annen form for hjelp til andre andre (Røde Kors, sanitetslag, Amnesty International, Naturvernforbundet etc.)	
	Rettighets-, støtte- og avholdsarbeid funksjonshemmede og syke, kvinnesak, mållag, etniske minoriteter, svake/utsatte grupper (innsatte, fattige m.v.), kampanjer og lobbyvirksomhet, juridisk bistand og forbrukerorganisasjoner		
	Internasjonal utveksling, nødhjelp, bistand og menneskerettighetsarbeid internasjonale vennskaps- og utvekslingsprogrammer, internasjonalt nødhjelps- og bistandsarbeid, menneskerettighets- og fredsarbeid		
	Politiske partier ungdomspartier	Politisk parti / partipolitisk ungdomslag	
Bolig og økonomi	Velforeninger, grendelag og nærmiljø forsamlingshus	(Ikkje målt)	
	Borettslag og boligbyggelag huseierforening	(Ikkje målt)	
	Yrkes-, bransje- og fagforeninger arbeidstakerorganisasjoner, arbeidsgiverorganisasjoner, bransje- og nærings sammenslutninger, produsentkooperativer, elev- og studentorganisasjoner (studentsamfunn plasseres i [frivarb{3}])	(Ikkje målt)	
Religion og livssyn	Religion og livssyn, inkludert Den norske kirke , organisasjoner tilknyttet Den norske kirke, misjon, protestantisk frikirke, andre religioner, livssynsorganisasjoner, også ikke-religiøse, som Human-Etisk Forbund	Religiøs organisasjon eller forening	Religion og livssyn
		Ikke-religiøs livssynsforening	
Andre	Andre områder	Andre organisasjoner	Andre

Appendikstabell 2: Talet på innvandrarakar per land. Dei tretti største avsendarlanda. (SSB)

Land	Talet på innvandrarakar
Polen	98 212
Litauen	38 371
Sverige	35 813
Somalia	28 754
Syria	27 392
Tyskland	24 445
Irak	23 118
Eritrea	21 747
Filippinane	21 383
Pakistan	20 372
Thailand	19 507
Danmark	19 267
Iran	17 728
Russland	17 480
Afghanistan	16 782
Storbritannia	14 261
Romania	14 206
Vietnam	13 973
Bosnia-Hercegovina	13 670
India	11 698
Tyrkia	11 632
Kosovo	10 150
Latvia	10 137
Sri Lanka	9173
Kina	8812
USA	8637
Etiopia	8238
Nederland	7773
Island	7480
Bulgaria	7000

Appendikstabell 3: Vekta prosentdel som har gjort gratisarbeid for ein klubb, ein organisasjon eller ei foreining siste året, blant innvandrara (LKI-2016) og befolkninga elles (LKU-2014).

	Innvandrara (12 land)	Befolkninga elles	Prosentdifferanse
Prosentdel frivillige	17	39	-22
Talet på frivillige (uvekta)	816	2794	
Total N (uvekta)	4387	6812	

Appendikstabell 4: Fordeling av dei frivillige på SSB-organisasjonskategoriar. Fleire svaralternativ mogelege. Vekta prosentdel frivillige.

Organisasjonstypar (SSB-kategorisering)	Innvandrara (12 land)	Befolkninga elles	Prosent diff.
Idrettslag, forening eller klubb	30	43	-13
Uvekta tal	(243)	(1216)	
Ideell, humanitær, menneskerett, miljø	24	14	+10
Uvekta tal	(198)	(392)	
Kultur, kor, korps, teater, kunst	17	15	+2
Uvekta tal	(142)	(413)	
Religiøs organisasjon eller forening	16	11	+5
Uvekta tal	(130)	(318)	
Andre organisasjonar	14	21	-7
Uvekta tal	(97)	(579)	
Innvandrerorganisasjon	8	-	-
Uvekta tal	(65)	-	-
Politisk parti/partipolitisk ungdomslag	5	3	+2
Uvekta tal	(38)	(81)	
Friluftsgesamtning (tur, jeger, fiske)	3	6	-3
Uvekta tal	(21)	(170)	
Pasient/pårørende/helse organisasjon	2	4	-2
Uvekta tal	(24)	(117)	
Ikke-religiøs livssynsforeining	2	0,2	+1,8
Uvekta tal	(18)	(5)	
Total N	815	2791	

Appendikstabell 5: Mengda organisasjonskategoriar folk engasjerer seg i. Vekta prosentdelar.

Organisasjonstypar (SSB-kategorisering)	Innvandrarar (12 land)	Befolkninga elles	Prosent diff.
1 organisasjonstype	83	86	-3
Uvekta tal	(687)	(2378)	
2 organisasjonstypar	13	12	+1
Uvekta tal	(98)	(348)	
3 eller fleire organisasjonstypar	4	2	+2
Uvekta tal	(30)	(65)	
Total N	815	2791	

Appendikstabell 6: Vekta gjennomsnittleg timetal med gratisarbeid siste månaden.

	Innvandrarar (12 land)	Befolkninga elles
Gjennomsnittleg timetal	8,2	6,4
Total N	779	2762

Appendikstabell 7: Frivillige blant innvandrere med ulike landbakgrunn. Vekta prosentdelar.

Landbakgrunn	Innvandrere (12 land)
Sri Lanka	26
Uvekta tal	(103)
Tyrkia	23
Uvekta tal	(80)
Bosnia-Hercegovina	20
Uvekta tal	(74)
Somalia	20
Uvekta tal	(76)
Pakistan	19
Uvekta tal	(71)
Vietnam	18
Uvekta tal	(65)
Iran	18
Uvekta tal	(74)
Afghanistan	17
Uvekta tal	(65)
Irak	16
Uvekta tal	(59)
Kosovo	15
Uvekta tal	(56)
Eritrea	14
Uvekta tal	(55)
Polen	10
Uvekta tal	(38)
Total N	816

Appendikstabell 8: Vekta gjennomsnittleg timetal med frivillig arbeid i månaden fordelt på landbakgrunn.

Landbakgrunn	Innvandrere (12 land)
Sri Lanka	9,6
Uvekta tal	(102)
Tyrkia	5,9
Uvekta tal	(79)
Bosnia-Hercegovina	5,3
Uvekta tal	(68)
Somalia	11,1
Uvekta tal	(67)
Pakistan	14,3
Uvekta tal	(68)
Vietnam	7,4
Uvekta tal	(59)
Iran	10,3
Uvekta tal	(74)
Afghanistan	7,4
Uvekta tal	(62)
Irak	8,8
Uvekta tal	(58)
Kosovo	6,7
Uvekta tal	(55)
Eritrea	5,9
Uvekta tal	(53)
Polen	5
Uvekta tal	(34)
Total N	779

Appendikstabell 9: Prosentdel som har gjort gratisarbeid, fordelt på ulike organisasjonskategorier. Prosentdel av frivillige.

	Innvandrere (12 land)	Befolkninga elles	Prosentdiff.
Kultur og fritid	53	59	-6
Uvekta tal	(433)	(1658)	
Velferd og samfunnsretta	30	21	+9
Uvekta tal	(250)	(563)	
Religion og livssyn	18	12	+6
Uvekta tal	(147)	(323)	
Andre	14	21	-7
Uvekta tal	(97)	(579)	
Total N	815	2791	

Appendikstabell 10: Prosentdel innvandrere som har gjort gratisarbeid for ulike organisasjonskategorier, fordelt på landbakgrunn. Prosentdel av frivillige.

		Kultur og fritid	Velferd og samfunnsretta	Religion og livssyn	Andre
Sri Lanka		69	15	15	5
	Uvekta tal	(72)	(15)	(15)	(6)
Tyrkia		48	23	37	7
	Uvekta tal	(38)	(20)	(29)	(6)
Bosnia-Hercegovina		63	20	8	20
	Uvekta tal	(46)	(15)	(6)	(15)
Somalia		56	42	14	11
	Uvekta tal	(43)	(32)	(11)	(8)
Pakistan		38	35	38	12
	Uvekta tal	(29)	(25)	(26)	(8)
Vietnam		37	25	34	10
	Uvekta tal	(24)	(16)	(21)	(7)
Iran		56	47	8	12
	Uvekta tal	(41)	(35)	(6)	(9)
Afghanistan		54	39	8	18
	Uvekta tal	(36)	(25)	(5)	(12)
Irak		47	37	11	12
	Uvekta tal	(47)	(22)	(6)	(7)
Kosovo		59	25	13	11
	Uvekta tal	(33)	(14)	(7)	(6)
Eritrea		37	42	17	7
	Uvekta tal	(21)	(23)	(9)	(4)
Polen		58	20	16	25
		(22)	(8)	(6)	(9)
	Total prosent	53	30	18	14
	Total N	433	250	147	97
	Chi.sig	0,001	0,000	0,000	0,058

Appendikstabell 11: Vekta prosentdel frivillige fordelt på bakgrunnsvariablar.

		Innvandrerutval (12 land)	Uvekta N
Kjønn	Menn	16	(508)
	Kvinner	15	(308)
Alder	16-24	24	(142)
	25-44	16	(422)
	45-66	13	(244)
	67-79	10	(8)
Utdanning	Grunnskule	14	(273)
	Vgs.	15	(228)
	Uni/høg.3år	20	(164)
	Uni/høg.3år+	25	(81)
Nettoinntekt	0-200.000	16	(243)
	200.001-400.000	13	(372)
	400.001 +	24	(201)
Talet på barn	Után barn	13	(381)
	1-2 barn	18	(340)
	3 eller fleire barn	20	(95)
Sysselet	Ja	17	(589)
	Nei	13	(227)
Helse	Svært god / god	18	(642)
	Verken-eller	12	(111)
	Dårleg / svært dårleg	9	(62)
Butid	2-6 år	11	(171)
	7-15 år	17	(266)
	16 år og meir	21	(379)
Innvandringsgrunn	Arbeid/utdanning	10	(89)
	Familie/ekteskap	18	(300)
	Flukt	18	(408)
Norskferdigheit	Svært god / god	22	(601)
	Verken-eller	13	(158)
	Dårleg / svært dårleg	5	(29)
Total		16	816

Appendikstabell 12: Multipl logistisk regresjon av å ha gjort frivillig arbeid dei siste 12 månadene. Ustandardiserte koeffisientar.

Variablar	Koeffisient
Konstant	-0.15
Kjønn	-0.42***
Alder	-0.30***
Utdanning	0.29***
Inntekt	0.02
Talet på barn	0.16*
Sysselsatt	-0.20
Helsevurdering	-0.15
Butid	0.09*
Innvandringsgrunn	-0.00
Norskferdigheit	-0.34***
Polen	-0.74*
Tyrkia	0.41
Bosnia-Hercegovina	-0.20
Kosovo	-0.35
Eritrea	0.19
Somalia	0.50*
Afghanistan	0.05
Srilanka	0.48*
Irak	-0.06
Iran	-0.04
Pakistan	0.01
o.Vietnam	-
Observasjonar	3,586

*** p<0.001, ** p<0.01, * p<0.05

Litteratur

- Blom, S. (1998): *Levekår blant ikke-vestlige innvandrere i Norge*. Oslo/Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Blom, S. og Henriksen, K. (red.) (2008): *Levekår blant innvandrere i Norge 2005/2006*. (Rapporter 2008/05). Oslo/Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Brochman, G. (2010): Innvandring og det flerkulturelle Norge. I Frønes, I. og Kjølserød, L.: *Det norske samfunn*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Cnaan, R.A., Jones, K.H., Dickin, A. og Salomon, (2011): Estimating giving and volunteering: New ways to measure the phenomena". *Nonprofit and Voluntary Sector Quarterly*, 40 (3): 497–525.
- Christensen, D.A., Strømsnes, K. og Wollebæk, D. (2011): *Organisasjonene i Hordaland, 1999–2009*. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Eimhjellen, I. (2016): *Innvandrere si deltaking i norsk frivilligliv. Nye tal og metodiske utfordringer*. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Eimhjellen, I. og Seggaard, S.B. (2010): *Etniske minoriteter og frivillige organisasjoner*. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Enjolras, B. og Wollebæk, D. (2010): *Frivillige organisasjoner, sosial utjevning og inkludering*. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Fladmoe, A., Sivesind K.H. og Arnesen, D. (2018) Oppdaterte tall om frivillig innsats i Norge, 1998-2017. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Folkestad, B., Christensen, D.A., Strømsnes, K. og Selle, P. (2015): *Frivillig innsats i Norge 1998–2014*. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Folkestad, B., Fladmoe, A., Sivesind, K.H. og Eimhjellen, I. (2017): *Endringer i frivillig innsats: Norge i et skandinavisk perspektiv*. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.

- Guriby, E., Pustulka, P. og Ślusarczyk, M. (2016): Left to their own devices? On the role of Polish migrant organizations in Norway. I: Slany, K., Pustulka, P., Guriby, E. Ślusarczyk, M. (red.): *Transnational Polish Families in Norway: Social Capital, Integration, Institutions and Care*. Warsaw: Peter Lang International Academic Publishers.
- NOU 2017: 2 *Integrasjon og tillit – Langsiktige konsekvenser av høy innvandring*.
- Sandvik, L. og Killengreen Revold, M.(2018): Levekårsundersøkelsen EU-SILC 2014. Tema friluftsliv, organisasjonsaktivitet, politisk deltakelse og sosialt nettverk. Dokumentasjonsrapport. Oslo/Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Svedberg, L., Jegermalm, M. og Von Essen, J. (2010): *Svenskarnas engagemang större än någonsin*. Stockholm: Ersta Sköndal Högskola.
- Vrålstad, S. og Wiggen, K.S. (2017): *Levekår blant innvandrere i Norge 2016*. Rapporter 2017/13. Oslo/Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Wollebæk, D. og Sivesind, K.H. (2010): *Fra folkebevegelse til filantropi? Frivillig innsats i Norge 1997–2009*. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor

Rapport 2018:3

<i>Forfatter/Author</i> Ivar Eimhjellen og Sveinung Arnesen
<i>Tittel/Title</i> Organisasjonsengasjement blant innvandrere
<i>Samandrag</i> I denne rapporten tar vi i bruk levekårsdataa SSB har om 1) innvandrere og 2) befolkninga elles, for å undersøke deltaking og variasjon i frivillig arbeid. I begge desse datasetta er det inkludert spørsmål om engasjement i det norske frivilliglivet. Vi samanliknar innvandrartvalet med befolkningsutvalet på sentrale variablar for frivillig engasjement, vi undersøker variasjonar knytte til vanlege bakgrunnskjenneiteikn som alder, kjønn og utdanning, og til innvandringsspesifikke kjenneteikn som landbakgrunn, butid, språkkompetanse og årsak til innvandring
<i>Emneord</i> Innvandrere, frivillig arbeid, landbakgrunn, samanlikning
<i>Abstract</i> In this report we have analysed data from Statistics Norway on the living conditions of immigrants and comparable data on the population to investigate participation and variation in levels and forms of volunteering. We compare the immigrants with the population and different immigrant groups based on basic characteristics such as age, gender and education, and immigrant specific traits such as country of origin, years in Norway, language skills in Norwegian and cause of immigration.
<i>Index terms</i> Immigrants, voluntary work, country of origin, comparing

I denne rapporten tar vi i bruk levekårsdataa SSB har om 1) innvandrara og 2) befolkninga elles, for å undersøke deltaking og variasjon i frivillig arbeid. I begge desse datasetta er det inkludert spørsmål om engasjement i det norske frivilliglivet. Vi samanliknar innvandraruutvalet med befolkningsutvalet på sentrale variablar for frivillig engasjement, vi undersøker variasjonar knytt til vanlege bakgrunns-kjenneteikn som alder, kjønn, og utdanning etc., og i innvandringsspesifikke kjenneteikn som land-bakgrunn, butid, språkkompetanse og årsak til innvandring

ISBN (print): 978-82-7763-602-3
ISBN (online): 978-82-7763-603-0

ISSN (print): 1891-2168
ISSN (online): 1891-2176

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor
c/o ISF
Munthes gate 31
Pb. 3233 Elisenberg
0208 Oslo

www.sivilsamfunn.no